

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Vanylven

Emne: Gifteferdig ungdom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Vidnes.

Gard: Vidnes

(adresse): Fiskåbygd.

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. ^{SVAR} Nei, det var ikkje om å gjera, det var andre tilhøve det galdt om. Men det vart sett på som noko usikkert å komme med folk frå eit ukjent miljø til bygda. Og det har ikkje vore noko "godt segn" å ha dei frå visse "littar av landet, t.d. Nordland. Heller ikkje vart det rekna for heldig å ha dei frå eit anna sosialt miljø.
2. Serleg mødrene har sett det som noko gildt å få ha dei gifte barna sine og då serleg døtrene, så nær seg som råd var.
3. Ja, serleg nokon som hadde pengar eller annan eigedom, og som var sparsam. At ein var "eit øydeland" var sett på som ei av verste utdydne.
4. Ja, 5. Kring 1900 var det ikkje foreldre som hadde det avgjerande ordet, og deira makt

såleis har minke etter kvart. Foreldra har alltid „lagt seg bort“, dei kunne bruke ein adelsgut med at han „fekk ikkje skøyta“, men avgjerda den har barna hatt, og eg har ikkje kjennskap til eit einaste menneske som ikkje fekk gifte seg med den ein ville. Det hadde nok meir smakt for „Jau, eg har nok kjennskap til at foreldre la seg så hardt bort i at dei fekk meinke giftemålet for adelsgutten. Grunnen deira var alltid at ho var ikkje noka godt „gard- kjerringemne“, var for farr, var uvand med bandedarbeid, var eit „vildland“, „storturftig“ og „kunne ikkje noko med henda“, var „eit fineliv“, „ei krade“, o. s. v.

Ja, det var dei „svaraste“ som var mest argjerrige på barna sine vegner, for garden og for att.

I Nev. i Syskenbyte er kjend, „Dei gjorde syskenbyte“ tyder at to giftemål inna mellom to syskenflokkar, helst slik at ein gut og ei jente i eine flokken, gifter seg med ein gut og ei jente i andre flokken.

9. Hja oss var det ikkje "avtale," det var vanleg elsk hug, utan serföremål. Men eg glöymde seia at før 1900 var det kjent at "foreldra nöydde" ei jente å gifte seg med den dei ville, då helst av "økonomiske grunnar." Men det hender nok no og at foreldra nöyder guten å gifte seg med ei saub (jente) som skal ha barn.

10. Her i bygda var det vanleg med syskenbarngifte. Dei sa eg ikkje på det som noko gale, om det enn kunne vere bitre om dei ikkje var slektingar. No ser folk "stengare" på det, dei er klar over moglege fylgjer. Tre- og firmenningsgifte er ikkje noko gale no heller.

11. Kvi. 12. Det har ofte hendt etter 1900. Men sjeldan før. 13. Det var ikkje Det var grunnen som var den avgjerande for folkedomen. Oppsatsigheita i seg sjölv var ikkje moralsk uriktig. 14. Kan tenkjast, men veit ikkje dome.

15. Det var helst i "friardagane" det vart gjort her. Dei kunne t. d. samlast rundt huset friaren vitja og lage til fan-

14
bestykke, tyvlyse, banke i veg-
ger, lure seg inn og spikre faste
skorne at fiaren, ha noko i
dei, også vidare, men ikkje
nokor fast regel om atferda,
kiking og lying var det mest
vanlege. Det var serleg natt-
frising som vart dømd av folk
på den måten.

16 Det var nok tilfelle då
foreldra gav etter for di di
skifte syn. 17 Ja, i det heile
folk som stod så høgt at
dei ikkje hadde sosiale an-
keisjoner. 18 Ja, verkene stod
fråre andsynes foreldra. Di
atte garden sjølv.

19 Ja, gutane kunne nok velja
meir fritt, men i mi tid
har det ikkje vari vanleg å
sjå meir på rikdomen enn
på gjenta, tvert om. 20 Nei.

21 Ja, eg har høyrst om "elst-
hugsdrikk", men det høyrde til
overfria si tid, altså før 1900.

22 Ukjent. B! Eg har gløymt
å seia at barn har hatt sterk
stark uvilje mot at farva gift-
te seg oppatt. Di har sett
det som ei skam og følt det
som å kaste skugge og skam
over familien, serleg den aldide

5
mora, men helst når faren
var eldre, over 50-60-70 år.
Og ofte meinter barna slike
giftarmål så faren må gje
etter. 23 Skikken krev at gutt
og jente ikkje skal "gå i lag"
før dei er ringar. Det vert
rekna for "løye" om dei gjer
det i folkeauge.

24 Det har vore skikk like til
no at gutten reiste på vitjing
til jenta ^{han} hadde sett seg ut og
var der både natt og dag.
Dette reknar eg ikkje for nattek-
friing. Det er helst jenta som
bygd inn i slett høve. Skil-
naden mellom før og no ligg
helst i det at no finst dei
unge i lek og lag og får
høve til å gjere og vere som
kvar har lyst og grunnsetninge
ar til, ~~in~~ i ungdomstid, i
bilar, på utflukter, stemmer
og s. b. medan før var det
så at einaste staden ein
kunne vere i lag^{og} å kime for
og samtale, det var på sove-
romet. Om moralen var verre
skilte betre kring ca 1870, det
veit eg ikkje. Truleg er det
verre no, i alle fall for
tenåringar. Omskiftet kom
med nye og betre bustadtil-
høve og større sosialt høve.

ca 1890. og utover. 25 Orda er
kjende. 26 Stallefring var å
la ekteskapet på forhånd,
nattelauping var ansvarsløst.
27 Gjikk dei fleire enn der var
gjenter, var det vel mest på
moro, åleine eller to var
det seksualitet med når dei
gjikk på frå gard til gard.
28 Det var nattsne giftferdige
gutar som gjikk på allvros.
Telles er det ukjent at gutane
for rundt slike i lag, i allfall
frå hus til hus. At nokre gutar
tok ein tur til satergjenter, eller
for ein eller annan stad på
vitjing til visse gjenter, ja,
det hende nok. 29 Dei var
nok helst frå same grenda.
30 Alle var bønder her utan
presten, ein handelsmann og
dokteren. 31 Ukjent. 32 Ukjent.
33 Her bli ikkje gjort nokon
skilnad, såleis. 34 Ukjent. 35 Det
måtte vel helst vera laurdags-
kvelden. 36 Det var rekna for
å vera mykje uhøveleg med
dans i ei grend med lite, og
sers uhøveleg med at huses-
folka der liket låg, gjikk på
dans. Stallefringa her gjikk
løynt for seg. 37 Ukjent. 38 Ukj.
39 Ukjent. 40 Her hadde nattefr.
moralisk dom over seg av alle;

difor var det självsagt at ein for
slett med det. 41 Det vart moralsk
dømt, utan når farnialet var
ektenskap. 42 Det kom an på kor
gjentene var, slike som stod
innder moralsk dom for lettsinn,
eller slike som hadde ansvar
for ein komande heimr. Dei
siste tok inn berre dei som
kom på alvor. 43 Ukjent, men
ein fiar må alltid vere
spandabel. 44 Ukjent. 45 Ukjent.
46 Dei gjekk heim for det vart
gjast, utan dei som visste kva
dei ville, dei var mindre redde
og kunne vere både dag og natt.
47 Ukjent med nokors skikk
sælis. 48. Det kom an på om
han kom på alvor til ei jente.
Då fann^{han} seg ikkje i at ho hadde
andre får. 49 Så lenge det var
mindre visst om han fekk gjesta
eller ikkje, var det skikke å gjøme
seg bort både med fering og
krossing. 50 Dersom fringa gjekk
ut på å ha ektenskapet på fasthøt,
kunne det vere både ofte og
lenge. Heldt dei på dra, kunne
det ikkje vere for ofte, og så
søkte dei å få ei avgjerdde.
51 Liket som ringar, syljer, skjefo. 52.
52 Det var helst yngre gutar.
53 Dei same. 54 Nei. 55 Både
og. Den som hadde det visst"

eller ville ha det vist med i
 gjente, han kom helst alene.
58 Nei, men der kunne bli sit
 høve til å vekste nokre ord,
 gje kvarandre noko, eller dele
 augnekast. 60 Ukjent. 61 Gjentene
 kunne ikkje ha initiativet i
 noko høve. Det var rekna for
 ei skam, då var ho "gutagala",
 ho måtte i alle høve gjera det
 fordelakt. 62 Ho kunne vise om
 ho tok mot guten sitt initi-
 ativ eller ikkje. 63 Ukjent.
64 Nei. 65 Nei. 66 Nei.

67 Brudlaup, gravøl og jule-
 gilde. Det siste bruc eg var
 sjeldan her i gamal tid, no
 er det vanleg. 68 Nei, då kom
 dei varmare saman og
 kunne tala fritt til kvarandre.
69 Ukjent. Men her var ein
 skikk med "sparkeloft", dei
 reidde til flatsenger på loftet
 i brudlaupsogarden, åt ung-
 domer. Men det hadde sine
 moralske mistanke over seg,
 og er vist mykje slutt no.
70 Ukjent. 74 Her var det ukjent,
 men "drann" det var kjent.
75 Skippe. Det var kjøpelystne
 som kom saman, og dei drog
 seg heim elleipå. 76 Nei.
78 Nei, 80 Ordet "soðherus aftun"
 er kjent, men eg veit ikkje kva

det stod for. Vi har ein plass i
 utvartna vår som heiter "båv-
 sarletta". Kanskje har det namn-
 et samband med noko
 slikt. 81. Det var nok i tilfelle
 ordna på førehand. 82 Ukjent.
 83 Ukjent. 84 Ukjent. 85 Ukjent. 86 Kja,
 88 Ukjent. 89 Ukjent. 90 Ungdomen
 kunne slå seg saman og dra
 på tur. til ei eller anna kyr-
 ke med gudstjeneste der, i ei
 av grannbygdene. Då drog dei
 gjerne over eit fjell. Eller dei
 rodde i lag til ei grannetystkje.
 Eldre folk og reiste, men ung-
 dommen heldt seg helst saman.
 Tjerdene til Tydskjerkja (den nær-
 maste) var så vanleg at vi
 hadde ordet "sydkjerkje klade",
 d. v. s. ein tok ikkje dei aller
 beste, sidan ein måtte gå så
 langt. 91 Ja, dei leiter på "båv-
 sarletta". 92 Ukjent. 93 Truleg.
 95 Kjenner ikkje til nokon skikk
 om det. 100 Ja, "dans" var her,
 dei kalla det så utan tillegg
 av more. Ungdomane gjorde
 seg einige om å leige eit hus
 til "danssarstove". At halde dan-
 sarstove" så dei om han dei leigde
 hjå 101 Ja, men kjenner ikkje til
 noko matstell der. 102 Dei same.
 103 Ukjent, men gjentene gjekk ut
 fri? 104 Ja, men lite. Dei leita
 seg på isen, men få hadde skikkelige

skisser. De var gjerne laga av ein gamal tjå. Skinn var heimegjorde, og hadde berre eit samband til binding. 106 De eldste tok seg nok rett til å gå kor dei ville. De yngre laut nok meir spørje seg for. 107 Det var likt, trur eg. 108 Forldre hadde så mykje store råderett over barna sine enn ein husbond over tenar. Han kunne ikkje sei stort når han berre fekk arbeidet gjort. 109 Ingen måtte komma "bort i ulukka" bort i drikk, o. s. v. Det kunne føre til "ynding" av medel og skinn av usomd og tap av are. Høytjelige grunnar var mykje, religiøse helst mest etter 1850-åra. 110 Sjølvsagt var det slekt ikkje. 111 Ukjent. og alle dei etterfylgjande også.